



# Innst. 361 L

(2012–2013)

## Innstilling til Stortinget fra næringskomiteen

Prop. 128 L (2012–2013)

### Innstilling fra næringskomiteen om endringer i odelslova

Til Stortinget

## 1. Sammendrag

### 1.1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Landbruks- og matdepartementet foreslår å endre odelslova § 8 slik at odelskretsen blir innskrenka. Departementet foreslår òg å oppheve odelslova § 31 som gir heimel til å odelsfrigjere eigedom som skal nyttast som tilleggsareal til landbrukseigedom.

Som ein konsekvens av forslaget om å oppheve odelslova § 31 foreslår departementet ei endring i odelslova § 16. Paragrafen gjeld den odelsrettslege statusen tilleggsarealet får når arealet blir lagt til ein landbrukseigedom. Departementet foreslår òg ei mindre endring i odelslova § 33 om saksbehandling som følgje av at § 31 blir oppheva.

### 1.2 Bakgrunnen for lovforslaga

I Meld. St. 9 (2011–2012) Landbruks- og matpolitikken Velkommen til bords blei odelslova § 8 foreslått endra slik at berre barn av eigar med odelsrett skal ha odelsrett. Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet vurderte om forslaget kunne gjennomførast utan å kome i konflikt med Grunnlova § 107. Lovavdelinga var i tvil om barnebarn av ein eigar kunne fjernast frå odelskretsen og meinte at «ein her er inne i ein hard kjerne av odelsinstituttet som er verna av Grunnlova § 107». I høyringsnotatet blei forslaget om innskrenking av odelskretsen derfor foreslått endra slik at etterkommarar etter odlaren berre får odelsrett dersom nokon av foreldra har eigd

eigedom med odel. I tillegg foreslo departementet at barnebarn av siste eigar med odel skulle ha odelsrett. Departementet foreslo dessutan å oppheve odelslova § 31 om odelsfrigjering av tilleggsjord til ein annan landbrukseigedom. Departementet foreslo i tillegg mindre lovendringar i odelslova §§ 16 fjerde ledd og 33 som ei nødvendig følgje av forslaga. Desse endringane er berre av lovteknisk art.

Landbruks- og matdepartementet sendte forslaget på høyring 23. januar 2013.

Forslaget om å innskrenke odelskretsen har fått brei støtte blant høyringsinstansane. Mange av dei sluttar seg til grunngivinga i høyringsnotatet. Andre har gitt kommentarar som stadfester dei samfunnsmessige forholda som ligg til grunn for forslaget.

Tilhøvet til Grunnlova § 107 er lite kommentert. Eit par høyringsinstansar meiner at forslaget ikkje har god nok grunngiving for å rettferdiggjere endringa slik at ho kjem klar av vernet i Grunnlova § 107.

Høyringsinstansane er delte i spørsmålet om å oppheve føresegna om odelsfrigjering av tilleggsjord i odelslova § 31. Enkelte meiner at moglegheita til å søkje odelsfrigjering etter § 31 tek vare på viktige samfunnsomsyn og er ein sikkerheitsventil. Eit fleirtal av høyringsinstansane sluttar seg likevel til departementets forslag.

Fleire kommunar har hatt problem med å få tid til politisk behandling av høyringsnotatet. Nokre har søkt om forlenga høyringsfrist. Departementet har ikkje gitt utsett frist, men har teke omsyn til innspel som har kome inn etter fristen så langt det har late seg gjere. Kommunane blei bedne om å sende inn innstillinga, og deretter det politiske vedtaket så snart det låg føre. Av 31 kommunar har 21 kommunar hatt politisk behandling.

### 1.3 Gjeldande rett

Odelsretten er regulert i lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten (odelslova) og er ein privatrettsleg særrett for den slekta som gjennom ei viss tid har hatt tilknytning til ein landbrukseigedom. Etter § 2 andre ledd kan ein eigedom reknast som odlingsjord når fulldyrka eller overflatedyrka jord på eigedomen er over 25 dekar, eller det produktive skogarealet på eigedomen er over 500 dekar. Med til arealgrunnlaget blir rekna del i realsameige som ligg til eigedomen. Odelsretten er ein slektsrett som byggjer på at etterkommarane til odlaren i ei viss rekkefølge skal ha fortrinnsrett til eigedomen. Kjernen i odelsretten er at ein odelsrettshavar kan krevje odelsløyising dersom eigedomen blir seld ut av slekta eller til ein odelsrettshavar med dårlegare odelsprioritet enn han sjølv har.

Odelsrett til eigedom har vore lovfesta og har blitt praktisert i Noreg i over tusen år. I 2003 blei odelsretten drøfta på ny av odelslovutvalet, sjå NOU 2003:26 Om odels- og åsetesretten. Fleirtalet i utvalet meinte at ein bør halde på odelsretten mellom anna fordi han sikrar langsiktig planlegging og stabilitet i næringa.

Odlaren er den som har eigd odlingsjord med full eigedomsrett i 20 år, sjå odelslova § 7. Dersom eigedomen går over til ny eigar i rett nedstigande linje før odelshevdstida er ute, kan eigartidene reknast saman, sjå odelslova § 10. Dersom odlaren døyr utan etterkommarar, fell odelsretten bort. Kretsen blir avgrensa nedover til barnebarn, og til nevøar og nieser i sidelinjer.

Den som har kjøpt ein eigedom som skal brukast som tilleggsareal til ein annan landbrukseigedom, kan søkje om odelsfrigjerung. Vilråa for å odelsfrigjere slik eigedom går fram av odelslova § 31. Førsegna gjeld der nokon har teke over tilleggsareal til ein annan landbrukseigedom, og der odelsretten kan hindre at overtakinga blir gjennomført. Det er òg ein føresetnad at departementet har godkjent kjøpet fordi kjøparen bør få tilleggsjord. Odelsfrigjerung inneber at kvar og ein av odelsrettshavarane på tidspunktet for vedtaket mister odelsretten sin. Dette er eit inngripande vedtak. Ein kan berre frigjere ein eigedom for odel når «det ikkje er tvil om at omsynet til odelsrettshavarane må vike fordi eigedomstileigninga inneber ei god driftsmessig løyising». Dersom staten eller ein kommune har teke over eller vil ta over odelsjord og særlege grunnar taler for at odelsrett ikkje bør vere til hinder, kan det takast avgjerd om odelsfrigjerung, sjå odelslova § 30 første ledd.

Det er gitt reglar om behandling av odelsfrigjerungssaker i odelslova § 33 og i Forskrift om saksbehandling i saker om odelsfrigjerung etter odelslova § 30 til § 32 av 11. februar 2011.

### 1.4 Departementets vurderingar og forslag til endringar

#### 1.4.1 *Forslag om innskrenking av odelskretsen*

Odelsretten har lange tradisjonar i Noreg og har vore beskytta i Grunnlova frå 1814. I 1814 skulle odelsretten hindre oppkjøp av eigedom og sikre ein sjølvstendig bondestand. Ein slik funksjon har odelsretten framleis, men ikkje i same grad. Departementet meiner at det for landbruket er viktig å halde på odelsretten. Eit levedyktig landbruk er avhengig av stabilitet og planlegging på lang sikt. Odelsretten sikrar stabilitet og fører til ei meir langsiktig forvaltning av landbrukseigedomar ved at bøndene ser investeringar i eit perspektiv over fleire generasjonar.

Departementet meiner at odelsretten òg kan ha visse uheldige sider. Odelsretten kan føre til at personar utan tilknytning til eigedomen og drifta overtek eigedomen på odel. Dette kan få konsekvensar for ei god landbruksmessig utnytting av eigedomen. Odelsretten kan òg hindre at eigedomar kjem ut på sal. På den måten kan odelsretten gjere det vanskeleg å få friske krefter inn i næringa, eller for ein nabo å få kjøpt tilleggsjord.

Slike avvegingar ligg til grunn for at departementet ønskjer ei innskrenking av odelskretsen. Grunnlova § 107 set forbod mot å oppheve odelsretten, men overlet til Stortinget å fastsette korleis dei nærare reglane skal vere. Fleire tidlegare lovendringar har sidan Grunnlova blei vedteken, innskrenka odelsretten ut frå omsynet til endringar i samfunnet. Eitt eksempel er odelsfrigjerungslova frå 1907. Departementet legg til grunn at grunnlovsvernet for odelsretten ikkje er til hinder for at det kan gjerast tilpassingar i lova, til «største Nytte for Staten og Gavn for Landalmuen».

Ei viktig side ved odelsretten er at han kan bidra til å sikre drifta av eigedomen i tida framover. Odelsrett til personar som har lita tilknytning til eigedomen og landbruksdrifta, sikrar ikkje nødvendigvis dette formålet. Dei fleste høyringsinstansane peiker òg på at odelsretten bør gjelde dei personane som har vakse opp på eigedomen og derfor har sterkast tilknytning til han. Odelsrettshavar utanom nær familie vil ofte ha lita tilknytning til garden og drifta. Odelsrett til fjernare slektningar kan vise seg å gi «eit lovverna høve til å skaffe seg attraktive fritidseigedomar» slik Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er inne på. Når det ikkje er nær familie som vil overta, må det reknast med at omsynet til stabil drift og busetjing på eigedomen framover best blir varetatt ved at eigaren sjølv vel kven han eller ho vil selje til. Nokre høyringsinstansar hevdar at nevøar og nieser òg kan ha eit nært tilhøve til eigedomen. Departementet er samd i dette, men kan likevel ikkje sjå at personar som berre unnaksvis har ei sterk tilknytning til eigedomen, bør ha odelsrett.

Eit levedyktig landbruk er òg avhengig av ein velfungerande marknad for omsetjing av landbruks-eigedomar. På den måten kan dei som vil satse på landbruk få moglegheit til å kome inn i næringa, og dei som er avhengig av leigejord kan få kjøpt tilleggsjord. I 2011 hadde det leigde arealet auka til 42,5 pst. Eit stort og varig omfang av jordleige inneber ei vesentleg endring i bruksstrukturen i høve til tidlegare. Ei slik endring kan auke risikoen for at landbruksareala sine produksjonseigenskapar blir svekka og har derfor òg samanheng med jordvern. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane hevdar at «dess vidare odelskretsen er, dess større vert andelen leigejord». Dagens odelskrets kan med andre ord vere med å leggje til rette for aukande passivt eigarskap.

Departementet legg etter dette til grunn at odelsretten i enkelte tilfelle kan hindre sal og såleis gjere det vanskeleg å få friske krefter inn i næringa.

#### OPPSUMMERING OG FORSLAG TIL ENDRINGAR

Odelsretten verkar ekskluderande på dei som ikkje har odelsrett. Retten bør derfor ikkje oppretthaldast i større utstrekning enn kva ein kan leggje til grunn er til gagn for samfunnet, landbruket og for yrkesutøvarane i landbruket.

Norges Bondelag hevdar at forslaget til endring, trass i vurderinga til Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet, ikkje har god nok grunngeving i lys av Grunnlova § 107. Ørskog kommune har òg etterlyst betre grunngeving for forslaget. Landbruks- og matdepartementet meiner etter dei vurderingane som er gjort i proposisjonen, at forslaget er godt grunngett. Departementet foreslår å innskrenke odelskretsen slik at berre barn av eigar med odelsrett, og barnebarn av siste eigar med odelsrett, skal ha odelsrett. Odelsretten blir såleis i behald for dei som gjennomgåande har sterkast tilknytning til eigedomen, medan dei med fjernare tilknytning mistar retten sin. Ei slik endring vil føre vidare dei positive sidene ved odelsretten samtidig som endringa kan føre til auka omsetjing av landbrukseigedomar og vere til gagn for samfunnet, landbruket og yrkesutøvarane i landbruket. Departementet legg såleis til grunn at endringa vil vere til «største Nytte for Staten og Gavn for Landalmen», og derfor vil liggje innanfor rammene i Grunnlova § 107.

Forslaget hindrar ikkje såkalla refleksodel, men slik odel vil etter forslaget oppstå i høve til nærare slekt enn etter gjeldande odelslov, sjå tabell 4.2 og 4.3 i proposisjonen. Departementet ser at dette ikkje treng å gi noko god løysing i alle saker, men ser likevel ikkje tilstrekkeleg grunn til å gi reglar som hindrar refleksodel.

### 1.4.2 *Forslag om å oppheve odelslova § 31 om odelsfrigjering*

#### 1.4.2.1 ODELSFRIGJERING AV EIGEDOMAR SOM SKAL BRUKAST SOM TILLEGGSSAREAL TIL EIN ANNAN LANDBRUKSEIGEDOM

Når ein odelseigedom blir seld til ein person utan, eller med dårlegare odelsprioritet, kan kjøparen bli møtt med krav om odelsløyning. Dersom kjøpet gjeld tilleggsareal til ein landbrukseigedom, kan kjøparen i eit slikt tilfelle søkje om odelsfrigjering etter odelslova § 31. Der det blir fatta vedtak om odelsfrigjering, er formålet å betre dei driftsmessige tilhøva for kjøparen og hans eigedom.

Ein del høyringsinstansar peiker på dei samfunnsmessige omsyna bak odelsfrigjering etter § 31, og meiner at odelsfrigjering fungerer som ein sikkerheitsventil. Andre peiker på at ein ved å ta bort moglegheita for odelsfrigjering, vil hindre effekten av endringa i jordlova § 12. Departementet er einig i at samfunnsmessige omsyn, som gode driftsmessige løysingar, er viktige å vareta. Samtidig er det snakk om svært få søknader om odelsfrigjering. I åra frå 2005–2011 blei det behandla om lag åtte søknader om odelsfrigjering i året, og i litt over halvparten av sakene blei resultatet at eigedomen blei odelsfrigjort. Dersom odelskretsen blir innskrenka slik som foreslått, må det reknast med at det blir enda færre saker. Om lag 40 pst. av sakene gjaldt personar som vil falle utanfor odelskretsen med det forslaget som nå blir fremja. Dei personane som etter forslaget vil ha odelsrett vil òg gjennomgåande ha sterk tilknytning til eigedomen.

Odelsfrigjeringsaker er svært ressurskrevjande. Departementet meiner at ressursbruken er for stor i høve til samfunnsgevinstane som blir oppnådde.

Å oppheve heimelen til odelsfrigjering etter odelslova § 31 vil òg gi eit klarare rettstilhøve for dei som står att i odelskretsen. For desse blir det lettare å berekne utfallet av ei løysingssak. Omsynet til regelforenkling og ønsket om redusert offentleg ressursbruk tilseier derfor at regelen blir oppheva.

Departementet kan ikkje seie seg einig med dei høyringsinstansane som meiner det ikkje er logisk at odelsfrigjering etter § 31 blir oppheva samtidig som det blir foreslått å lempe på delingsføresegna i jordlova § 12. Departementet meiner det truleg ville blitt heller få vedtak om odelsfrigjering når odelskretsen blir innskrenka slik departementets forslag legg opp til. Grunnen til det er at ein her ofte vil ha å gjere med ein odelsløyning med sterk tilknytning og forventning om å få overta. Departementet meiner såleis opphevinga av heimelen til odelsfrigjering har lite å seie for effekten av forslaget om å endre delingsføresegna i jordlova.

#### 1.4.2.2 ODELSFRIGJERING TIL ANDRE FORMÅL ENN TILLEGGSAREAL TIL EIN LANDBRUKS-EIGEDOM

Nokre høyringsinstansar hevdar at det ikkje er logisk å foreslå oppheving av odelsfrigjerung etter § 31, utan samtidig å foreslå oppheving av odelsfrigjerung for stat eller kommune etter § 30. Departementet er ikkje einig i dette. Odelslova § 30 tek sikte på erverv av grunn til typisk offentlegrettslege formål. Det offentlege kan ha særskilde gode grunnar for å ta over eit areal. Odelsfrigjerung vil i slike høve kunne vere eit viktig verkemiddel.

### 1.4.3 Overgangsreglar

#### 1.4.3.1 INNSKRENKING AV ODELSKRETSEN

Overgangsreglane i gjeldande odelslov er å finne i § 79 første ledd:

«Denne lova får ingen verknad for tilhøve der det etter dei tidlegare gjeldande reglane er blitt høve til å bruke odelsrett før dei tilsvarande nye reglane har tatt til å gjelde.»

Forarbeida til overgangsreglane seier at endringane knytte til odelsrett skal omfatte alle personar som ved ikraftsetjinga til lova ikkje hadde aktuell løysingsrett. Dersom det ved ikraftsetjinga var oppstått ein situasjon som utløyste høve til å gjere odelsretten gjeldande, skulle reglane som gjaldt før ikraftsetjinga gjelde.

Høve til å bruke odelsrett oppstår når eigedomen har skifta eigar. Som eigar reknast den som ved bindande avtale eller anna rettsgrunnlag er blitt eigar, jf. odelslova § 60 andre ledd.

Departementet meiner det er rimeleg at tilsvarande overgangsreglar skal gjelde for nye reglar om innskrenkingar av odelskretsen.

#### 1.4.3.2 OPPHEVING AV ODELSLOVA § 31 OM ODELSFRIGJERING

Når det gjeld forslag om å oppheve reglane om odelsfrigjerung i odelslova § 31, skal reglane likevel gjelde i dei tilfella der personar som har ein aktuell løysingsrett når endringslova tek til å gjelde, går til løysingssak. Overgangsperioden vil vere relativt kort. Departementet sluttar seg til uttalen til Justis- og beredskapsdepartementet om at overgangsreglar ikkje følgjer av lova, men at spørsmålet bør avklarast i iverksetjingsreglane for endringslova.

### 1.5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Ei løysingssak skal avgjerast i tingretten med eventuell anke til lagmannsretten og Høgsterett. Dersom odelskretsen blir innskrenka kan det føre til færre saker om odelsløyning. Dette vil frigi kapasitet ved

domstolane. Innskrenkinga av odelskretsen vil ha lite å seie for forvaltninga.

Saker om odelsfrigjerung etter odelslova § 31 er særskilde ressurskrevjande. Søknader om odelsfrigjerung skal behandlast av kommunen og fylkesmannen. Mange av desse sakene blir påklaga til Statens landbruksforvaltning. Sakene krev ei grundig saksførebuing og vurdering. Ei oppheving av odelslova § 31 vil derfor frigi ressursar i dei organa som behandlar slike saker.

## 2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Else-May Botten, Lillian Hansen, Arne L. Haugen, Ingrid Heggø og lederen Terje Aasland, fra Fremskrittspartiet, Per Roar Bredvold, Harald T. Nesvik og Torgeir Trældal, fra Høyre, Frank Bakke-Jensen, Torgeir Dahl og Svein Flåtten, fra Sosialistisk Venstreparti, Alf Egil Holmelid, fra Senterpartiet, Irene Lange Nordahl, og fra Kristelig Folkeparti, Steinar Reiten, viser til Prop. 128 L (2012–2013) om endringar i odelslova.

Komiteen viser til at odelsretten er en slektsrett som bygger på at etterkommerne til odleren i en viss rekkefølge skal ha fortrinnsrett til eiendommen. Komiteen peker på at kjernen i odelsretten er at en odelsrettsinnehaver kan kreve odelsløsning dersom eiendommen blir solgt ut av slekten eller til en odelsrettsinnehaver med dårligere odelsrettsprioritet enn det han selv innehar.

Komiteen viser til at det i proposisjonen foreslås å endre odelslova § 8 slik at odelskretsen blir innskrenka, samt å oppheve odelslova § 31 som gir hjemmel til odelsfrigjøring av eiendom som skal brukes som tilleggsareal til landbrukseiendom.

### Odelskretsen

Komiteen viser til at det i dag er slik at for å få odel, må noen av foreldrene, besteforeldrene eller søsken av foreldrene ha eid hele eiendommen med odel.

Komiteen viser til at det i NOU 2003:26 Om odels- og åsetesretten ble drøftet om hvorvidt omfanget av odelskretsen burde innskrenkes. Utvalget skiserte tre alternativ:

- Bare barn av siste eier med odelsrett har odelsrett.
- Bare barn av en eier med odelsrett (nåværende eller tidligere innen samme odelslekt) har odelsrett.
- Gjeldende ordning blir ført videre med den modi-

fikasjon at noen av foreldrene, besteforeldrene, eller søsken av foreldre må ha eid eiendommen i en viss tid, for eksempel 5 år.

Komiteen viser til at flertallet i utvalget gikk inn for at odelskretsen skulle videreføres som den var. Anbefalingen kom på bakgrunn av at flertallet i utvalget mente alternativene enten ville gi for urimelige utslag (alternativ c), eller at de utgjorde for kraftige innhogg i de tradisjonelle oppfatningene knyttet til odelsretten (alternativ a og b).

Komiteen viser til at det i proposisjonen foreslås at bare barn av eier med odelsrett, samt barnebarn av siste eier med odelsrett, skal ha odelsrett, og at odelskretsen vil omfatte barn av både nåværende og tidligere eiere.

Komiteen merker seg at forslaget om å innskrenke odelskretsen har fått bred støtte, der alle høringsinstansene, med unntak av Norsk Bonde- og Småbrukarlag, støtter forslaget. Komiteen merker seg også at noen av høringsinstansene har uttalt skepsis til å fjerne nevøer og nieser fra odelskretsen. Komiteen merker seg videre at høringsuttalelsene stort sett legger vekt på at odelsretten først og fremst bør gjelde for dem med tilknytning til eiendommen.

Komiteen merker seg at departementet vurderer det slik at odelsretten i enkelte tilfeller kan hindre salg av landbrukseiendom og således kan gjøre det vanskelig å få nye krefter inn i næringen, samt at odelsretten kan hindre ønskelige rasjonaliseringer i landbruket og på den måten bidra til å holde oppe et landbruk basert på leiejord.

Komiteen viser til at en endring i odelslova må ligge innenfor det som er lovlig i forhold til Grunnloven § 107, der det går frem at odelsretten skal være «til største nytte for Staten og Gavn for Landalmuen».

Komiteen mener endringene knyttet til odelsretten er i tråd med dette, og støtter vurderingene gjort av departementet. Komiteen støtter på denne bakgrunn den foreslåtte endringen i odelslova § 8.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti viser videre til brev av 23. mai 2013 fra Norges Bondelag til næringskomiteen, der det fremkommer at Norges Bondelag har bedt professor Thor Falkanger vurdere lovforslagets forhold til Grunnloven § 107. På bakgrunn av at Falkangers konklusjon var at forslaget var «... betenkelig nær odelsinstituttets kjerne» ble det gitt uttrykk for viktigheten av at Stortinget vurderer forholdet til Grunnloven. Disse medlemmer viser til at spørsmålet om forholdet til Grunnloven § 107 har vært vurdert av Lovavdelingen i Justis- og beredskapsdepartementet. I brev av 9. oktober 2012 gir Lovavdelingen uttrykk for at:

«Etter vår vurdering er det ikke grunnlag for å seie at det vil vere i strid med Grunnlova § 107 å fjerne nevøer og nieser frå odelskretsen. Dei som etter i dag berre kan byggje odelsrett på at ein onkel eller ei tante har eigd eigedomen med odell, har gjennomgåande ei meir perifer tilknytning til eigedomen og sjeldan ein posisjon som gjer at ein kan basere framtida på at ein skal overta eigedomen, og livnære seg som gardbrukar.»

Disse medlemmer deler Lovavdelingens vurdering. Disse medlemmer viser videre til Falkangers betenkning datert 26. februar 2012, hvor det fremgår at

«Til syvende og sist blir det en politisk vurdering av hva som er til 'Gavn for Landalmuen' og hva hensynet til 'største Nytt for Staten' tilsier – noe motsetningsforhold mellom disse to grupper behøver det naturligvis ikke være.»

Falkanger fremhever videre at

«Men med en god begrunnelse tror jeg forslaget kan falle innenfor prinsippet i Nygård-avgjørelsen (Rt. 1948 s. 1 147): 'Det har tidligere vært og vil også i fremtiden bli behov for å gjøre endringer i odelsloven, ettersom nye sosiale eller økonomiske forhold krever det.'»

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at Fremskrittspartiet jevnlig har fremmet grunnlovsforslag om å oppheve odels- og åsetesretten slik den fremkommer i Grunnloven § 107, sist ved Dokument 12:17 (2011–2012).

Disse medlemmer viser til behandlingen av Meld. St. 9 (2011–2012) Landbruks- og matpolitikken. Velkommen til bords, hvor disse medlemmer fremmet forslag om å få opphevet odelslova.

Disse medlemmer viser til at økt lønnsomhet for landbruksnæringen er det aller viktigste for at nye generasjoner skal ønske å overta og drive videre i landbruket og for at nye brukere og drivere skal tiltrekkes av landbruket. Disse medlemmer vil imidlertid understreke at også muligheten til å erverve eiendom innen landbruket er en helt sentral forutsetning for å kunne oppnå dette. I dag er det lav omsetning av landbrukseiendommer, noe som i stor utstrekning skyldes et rigid regelverk for prisregulering, fradelinger og odelsbestemmelser som holder mange utenfor næringen og avskjærer andre fra å komme ut av den.

Disse medlemmer fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige forslag for å oppheve odelslova.»

Komiteens medlemmer fra Høyre viser til at Høyre i en årrekke har foreslått å modernisere

odelslova. Disse medlemmer viser videre til grunnlovsforslag fra stortingsrepresentanter fra Høyre Gunnar Gundersen, Svein Flåtten, Anders B. Werp og Olemic Thommessen om å oppheve Grunnloven § 107, jf. Dokument 12:6 (2011–2012).

### **Odelsfrigjøring**

Komiteen viser til at odelslova § 31, som gir hjemmel til odelsfrigjøring av eiendom som skal brukes som tilleggsareal til landbrukseiendom, innebærer at departementet kan vedta at odelsrettsinnehaverne for en landbrukseiendom mister odelsretten sin i tilfeller der det ikke er tvil om at hensynet til odelsrettsinnehaverne må vike for å sikre en god driftsmessig løsning. Komiteen viser til at det i proposisjonen foreslås å oppheve denne hjemmelen.

Komiteen merker seg at høringsinstansene er delte i spørsmålet om hjemmelen til odelsfrigjøring bør oppheves, men at flertallet av høringsinstansene støtter forslaget i proposisjonen.

Komiteen viser til at departementet vurderer det slik at odelsfrigjøring både er svært ressurskrevende og at det er svært få søknader.

Komiteen viser til Prop. 127 L (2012–2013) Endringer i jordlova, der det foreslås å endre jordloven § 12 for å gjøre det lettere å foreta fradelinger, herunder fradelinger av tun, slik at jordbruksteiger og resteiendommer kan overdras til nabobruk som tilleggsjord.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, mener at å oppheve adgangen til odelsfrigjøring av tilleggsjord vil styrke odelsretten og gi enklere og mer forutsigbare regler.

Avgjørelser om odelsfrigjøring er vanskelige og svært ressurskrevende. Saken blir som regel påklaget, og krever derfor unødig mye ressurser i forhold til hva som blir oppnådd.

Antallet vedtak om å odelsfrigjøre er lavt og enda færre vedtak fører til at eiendommen odelsfrigjøres. Tall fra departementet viser at det i perioden 2005–2011 ble behandlet ca. 8 søknader om odelsfrigjøring i året, og i litt over halvparten av sakene ble resultatet at eiendommen ble odelsfrigjort.

Flertallet viser til at når odelskretsen blir redusert, må en regne med at det i seg selv kan føre til færre saker om odelsfrigjøring. Dersom det gjøres en endring i jordloven § 12 slik at det blir enklere å

dele fra tilleggsjord, kan flere eiendommer overtas av næringsutøvere som ikke har odelsrett. Det kan igjen føre til at noen flere enn tidligere velger å søke odelsfrigjøring. Avslagsprosenten ved søknad om odelsfrigjøring kan likevel bli høyere enn i dag fordi odelskretsen er innsnevret. Dette gjør at det er liten grunn til å tro at opphevelse av odelsfrigjøringsregelen vil redusere effekten av endringen i delingsregelen. Tilbudsregelen i odelslova §§ 20-20c som kom inn i odelslova i sin nåværende form i 2009 vil dessuten bidra til at det blir færre søknader om odelsfrigjøring.

Flertallet peker på at de i odelskretsen som gjenstår etter de foreslåtte endringene i odelslova, som hovedregel vil ha vokst opp på eiendommen og har en nær tilknytning til eiendommen. Mange av dem har forberedt seg på overtakelse blant annet gjennom valg av utdanning. Dette er forhold som bidrar til å sikre stabil drift av landbrukseiendommer. Flertallet mener at opphevelse vil gi redusert offentlig ressursbruk og et klarere vern av odelsretten for dem som står igjen i odelskretsen.

Flertallet støtter derfor forslaget om endring i odelslova § 31.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti viser til at flere høringsinstanser peker på at en ved å ta bort muligheten til odelsfrigjøring vil hindre effekten av endringen i jordloven § 12.

Disse medlemmer er av den oppfatning at den foreslåtte endringen i jordloven § 12 kan medføre økt antall søknader om odelsfrigjøring, og deler vurderingen om at et bortfall av muligheten til odelsfrigjøring vil hindre den ønskede effekten av de foreslåtte endringene i jordloven § 12.

Disse medlemmer vil på denne bakgrunn ikke støtte forslaget om oppheving av odelslova § 31 og endringen i odelslova § 16.

## **3. Forslag fra mindretall**

### **Forslag fra Fremskrittspartiet**

#### *Forslag 1*

Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige forslag for å oppheve odelslova.

#### 4. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité, bortsett fra opphevingen av § 31 og endringen i § 16 som fremmes av komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

##### vedtak til lov

##### om endringar i odelslova

##### I

I lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten skal det gjerast følgjande endringar:

Tittelsen på lova skal lyde:

Lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten (odelslova)

§ 8 første ledd første punktum skal lyde:

Utanom odlaren får også etterkomarane hans odelsrett dersom nokon av foreldra har ått heile eige-  
domen med odal, *eller nokon av besteforeldra er siste eigar av heile eige-  
domen med odal.*

§ 16 fjerde ledd skal lyde:

*Jord som blir lagt til ein eigedom som tilleggs-  
jord, går inn under odal eller odling på den eigedo-*

*men jorda blir lagt til når departementet har godkjent kjøpet av di kjøparen bør få tilleggsjord. For odelsjord må i tillegg foreldingstida vere ute.*

§ 31 blir oppheva.

§ 33 første og andre ledd skal lyde:

Før det blir tatt avgjerd om odelsfrigjering etter §§ 30 *eller* 32, skal odelsretthavarane så langt det lar seg gjere, gjevast høve til å uttale seg om spørsmålet innan ein frist på ein månad. Overfor den som det er vanskeleg å gi individuelt varsel, er det nok med kunngjering i Norsk Lysingsblad og i ei avis som er ålment lesen på staden.

Når det er tatt steg til odelsfrigjering etter §§ 30 *eller* 32, skal odelsløyings sak som er eller blir reist, stogkast til spørsmålet om odelsfrigjering er avgjort.

##### II

1. Lova gjeld frå den tida Kongen bestemmer. Kongen kan bestemme at dei enkelte føresegnene skal gjelde frå forskjellig tid.
2. Endringane i § 8 får ingen verknad for tilhøve der det etter tidlegare gjeldande reglar har vorte høve til å bruke odelsrett når lova her tek til å gjelde.
3. I tilfelle der nokon som har ein aktuell odelsløyingsrett når lova her tek til å gjelde, går til løyings sak, gjeld likevel § 31. For behandlinga av slike saker gjeld § 33.

Oslo, i næringskomiteen, den 28. mai 2013

**Terje Aasland**

leder

**Steinar Reiten**

ordfører

